



Eide fjordbruk har eit av oppdrettsanlegga sine ved Hågårdsneset på utsida av Snilstveitøy og no har selskapet søkt om at dette anlegget vert rusta opp og at plasseringa justerast. Det skal heretter bestå av 7 bur på 35 ganger 35 meter, men kapasiteten på 2340 tonn skal ikkje aukast. Det som skal skje er til beste for fiskehelse og fiskevelferd ved at fisken får betre plass i merdane.

Det vert produsert triploid laks der og den har eit større oksygenbehov enn vanleg laks. Det set større krav til merdvolumet for å sikra optimale oksygentilhøve for fisken. Ekstra merdvolum vil også gi auka fleksibilitet til å få gjennomført behandling. mellom anna mot lakselusa. Søknaden vil no bli lagt ut til offentleg ettersyn.

Tekst og nett: Ola Matti Mathisen